



# Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sakshandsamar: Berit Inger Rygg  
Telefon: 57 64 31 09  
E-post: [fmsfbry@fylkesmannen.no](mailto:fmsfbry@fylkesmannen.no)

Vår dato  
19.03.2018  
Dykkar dato  
«REFDATO»

Vår referanse  
2017/2569- 612  
Dykkar referanse  
«REF»

Region Sunnfjord v/ Lise Toverud  
Region Nordfjord v/ Gro Bakke Abilsnes  
Region Sogn v/ Bjarnhild Samland  
Region HAFS v/ Marit Hammer

## Regionane - kompetansemidlar barnehage 2018

Fylkesmannen har fått tildelt 3,2 millionar kroner i kompetansemidlar til regional ordning for barnehage. 70 % av midlane skal gå til barnehagebasert kompetanseutvikling i regionane for å stimulere til kollektivt utviklingsarbeid i barnehagen.

Samla tildeling til regionane er 2 164 000 kroner. Fordelinga er gjort slik:

- Grunnbeløp 60 000 kroner
- 30 % ut frå tal barnehagar i regionen
- 70 % ut frå tal barn i barnehagane i regionen

Under føresetnad av at regional kompetanseplan vert sendt inn innan oppsett frist og godkjent, vil Fylkesmannen fordele kompetansemidlane til regionane slik:

**Region Sunnfjord: 687 000 kroner**

**Region Nordfjord: 620 000 kroner**

**Region Sogn: 550 000 kroner**

**Region HAFS: 307 000 kroner**

Midlane skal nyttast i tråd med revidert kompetansestrategi 2018 – 2022, sentrale føringar for 2018 og omfatte alle tilsette både i kommunale og private barnehagar.

### Regional ordning for kompetanseutvikling.

Regionale nettverk for kompetanseutvikling skal i perioden vidareutviklast til regionale samarbeidsfora samansett av: barnehagemyndigheit, kommunale og private eigarar, barnehagar og UH sektor som har barnehagelærarutdanning. Fylkesmannen er ansvarleg for å koordinere dei regionale nettverka. Samarbeidsfora skal prioritere, innrette og kvalitetssikre barnehagebaserte kompetansetiltak i regionen. 2018 er eit overgangså for å etablere regionale samarbeidsfora der aktørane skal bli samde om ein langsiktig kompetanseplan basert på analyse av kompetansebehov .

Frå 01.01.2019 er Sogn og Fjordane og Hordaland eitt fylkesmannsembete. Vi har difor i samråd med Forum for barnehage og skuleutvikling bestemt at kompetansemidlane for 2018 blir fordelt til regionane etter same mal som tidlegare. Regionane skal samarbeide både med kommunale, private barnehageeigarar og UH sektoren.

Sidan vi ikkje veit korleis midlane vert fordelt i 2019, vil vi oppmode dykk om å ta utgangspunkt i eitt eventuelt to av dei sentrale satsingsområda, avgrense og spisse tiltaka slik at de sikrar at de har økonomiske rammer til å gjennomføre og følgje opp i 2019.

### **Sentrale føringar for bruk av kompetansemidlane 2018**

Kompetansemidlane skal nyttast til barnehagebasert kompetanseutvikling for å stimulere til utviklingsarbeid i barnehagen. Regionane kan bruke deler av midlane til ekstern barnehagevurdering der dette er grunnlag for barnehagebasert kompetanseutvikling. Barnehageeigar og leiing i barnehagen er ansvarlege for å leie kollektive utviklings- og endringsprosessar.

Dei tematiske satsingsområda i revidert kompetansestrategi og Rammeplan for barnehagen skal ligge til grunn for regional kompetanseplan.

### **Satsingsområde**

- Barnehagen som pedagogisk verksemd
- Inkluderande miljø for omsorg, læring og danning
- Språk og kommunikasjon
- Barnehagen sitt verdigrunnlag

Nasjonale satsingar som; realfag, språk og inkluderande barnhage og skulemiljø må sjåast i samanheng med satsingsområda.

### **Samarbeid med fagmiljø**

Eit sentralt krav er samarbeid med eksternt fagmiljø. Utdanningsdirektoratet definerer fagmiljø som lokal UH- sektor med barnehagelærerutdanning Dette må de ta med når de startar arbeidet med langsiktig kompetanseplan 2018 – 2022. I kompetanseplanen for 2018 må det kome fram kva fagmiljø som skal nyttast og kostnad.

### **Rapportering**

Regionane skal innan 31.12.2018 rapportere på tal barnehagar, kommunal og private, som har delteke i kompetansetiltaka og korleis barnehageeigar har følgd opp barnehagebasert kompetansetiltak.

Med helsing

John Ole Vange  
utdanningsdirektør

Berit Inger Rygg  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.*

Kopi til:

Førde kommune v/Helge Sæterdal  
Flora kommune v/Anders Moen  
Naustdal kommune v/Turi Bruland  
Gaular kommune v/Merete Grimestad Birkeland

Vedlegg: mal for kompetanseplan